



PROTOKOLL FOR TIME KOMMUNESTYRE

Møtenr.: 4
Møtedato: 17.06.2026
Tidspunkt: 17:00 - 20:15
Stad: Kommunestyresalen

Desse møtte:

AP	Hannah Owe Hope	H	Svein Bø
AP	Kjell Olav Stangeland	INP	Inge Bjørnsen
FRP	Gaute Stokka	KRF	Anders Undheim
FRP	Thor Inge Kalberg	KRF	Bjørghild Underhaug
H	Andreas Vollsund	KRF	Kjetil Hustoft
H	Iren Lassen	SP	Jone Fosse
H	Kirsten Oma Alstadsæter	SP	Nils Martin Sikveland
H	Kjetil Eide	SP	Ranveig Undheim
H	Lars Enevoldsen	SP	Tarald Magne Oma
H	Ole Jørgen Alstadsæter	SV	Øystein Nereng
H	Pål Undheim	V	Endre Vollsund
H	Rein Harald Salte		

Forfall

AP	Karen Hognestad Liland
FRP	Elida Salte-Sagici
H	Gretha Braut Nese Aamodt
SV	Beate Aasen Bøe

Som vara møtte

AP	Eva Tone Fosse
FRP	Helge Lode
H	Thomas Liland-Vik
SV	Ingrid Fiskaa

Frå administrasjonen møtte: Kommunedirektør Trygve Apeland og formannskapssekretær Tone Storesætre

Saklista vart godkjent.

Møtet vart lukka i sak 047/26 etter koml. § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. off.lova § 23.
Interpellasjon blir svara på før sakene 047/26 og 048/26.

Bryne, 17.06.2026

Andreas Vollsund
ordfører

Tone Storesætre
formannskapssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
037/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
038/26	TERTIALRAPPORT PER APRIL 2026
039/26	REVISJON AV FLAGGREGLEMENTET FOR TIME KOMMUNE
040/26	2262 - ATO LYE SKOLE - ØKT KOSTNADSRAMME
041/26	PROSJEKT 5568 NY SPILLVANNSPUMPESTASJON ARNE GARBORGSVEG 51-55
042/26	KULTURMILJØPLAN 2026-2036
043/26	FELLES UNGDOMSSKULE FRØYLAND ORSTAD PÅ FRØYLAND
044/26	FELLES KOMMUNALT HJELPEMIDDELLAGER PÅ TU
045/26	ENDRING AV VEDTEKTER JÆREN SYMFONIORKESTER
046/26	INTERPELLASJON FRÅ ENDRE VOLLSUND TIL ORDFØRAR - OM KOMMUNESAMAMSLÅING KLEPP
047/26	OVERFØRING AV DRIFTA VED BRYNE KINO TIL PRIVAT AKTØR
048/26	BEREDSKAPSPLAN FOR TIME KOMMUNE SIN VASSFORSYNING

037/26 : Godkjenning av protokoll

Time kommunestyre

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 037/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 06.05.2026 vert godkjent.

038/26 : Tertialrapport per april 2026

Time kommunestyre

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt

KS - 038/26 Vedtak:

- 1. Driftsbudsjettet blir endra i samsvar med tabellen Forslag til budsjettendringar drift, under delkapittel Forslag til budsjettendringar med endring:*
- 2. Investeringsbudsjettet blir endra i samsvar med tabellen Forslag til budsjettendringar investeringar, under delkapittel Forslag til budsjettendringar.*
- 3. Kommunestyret godkjenner at Time kommune tek opp lån til finansiering av eigne investeringar på inntil 162 000 000 kroner jf. kommuneloven § 14-15 første ledd.*
- 4. Kommunestyret godkjenner oppdaterte satsar for tilbod i Time kulturskula frå og med nytt skuleår 26/27, som beskrive i kapittelet til tenesteområdet Oppvekst.*
- 5. Tertialrapporten per 30.04.2026 blir teken til orientering.*
- 6. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å føra vidare tilbodet med demenskor i kommunen ut året, finansiert slik:*

<i>VTA-plassar, besparelse</i>	<i>-80 000</i>
<i>Demenskor</i>	<i>80 000</i>
<i>Sum endring</i>	<i>-</i>

Kommunedirektøren bes vidare om å følgja opp omprioriteringa med heilårsverknad til kommande handlings- og økonomiplan.

039/26 : Revisjon av flaggreglementet for Time kommune

Time kommunestyre

Endringsforslag frå **Bjørghild Underhaug (KrF)**

§ 4 Pkt. 4.2 e) Bytte ut regnbogeflagget med nasjonalflagget.

Endringsforslag frå **Gaute Stokka (FrP)**

Fjerne punkt 4.3 b fra reglementet.

Endringsforslag frå **Anders Undheim (KrF)** Fjerne tillegget i innstillinga:

Regnbogeflagget symboliserer mangfold og inkludering.

Endringsforslaget frå Bjørghild Underhaug fekk 4 røyster og falt (KrF og Nils Martin Sikveland Sp).

Endringsforslaget frå Gaute Stokka fekk 8 røyster og falt (FrP, Kirsten Oma Alstadsæter (H), Anders Undheim (KrF), Jone Fosse, Nils Martin Sikveland og Ranveig Undheim (Sp)).

Endringsforslaget frå Anders Undheim fekk 4 røyster og falt (Anders Undheim (KrF), FrP).

Innstillinga frå ULEV vart vedtatt med 23 mot 4 røyster (Anders Undheim (KrF), FrP).

KS - 039/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026 med tillegg i pkt 3 c):

Regnbogeflagget symboliserer mangfold og inkludering.

040/26 : 2262 - ATO Lye skole - Økt kostnadsramme

Time kommunestyre

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 040/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner gjennomføring av prosjekt 2262 - ATO avdeling Lye i henhold til alternativ 2.*
2. *Lekeapparater og sprinkleranlegg opprettholdes i prosjektet, av hensyn til funksjonalitet, brukergruppe og sikkerhet.*
3. *Prosjektet gjennomføres med en oppdatert kostnadsramme på 48,8 millioner kroner inkl. mva. Økt kostnadsramme på om lag 9,8 mill. kroner innarbeides i økonomiplan 2027–2030.*

041/26 : Prosjekt 5568 Ny spillvannspumpestasjon Arne Garborgsveg 51-55

Time kommunestyre

Bjørghild Underhaug (KrF) ba om å få vurdert sin habilitet i saka, jf. fvl. § 6, andre ledd. Kommunestyret erklærte samrøystes Bjørghild Underhaug inhabil (26 røyster).

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt (26 røyster).

KS - 041/26 Vedtak:

- 1. Time kommunestyre godkjenner prosjekt 5702 innanfor en kostnadsramme på 8,5 millioner kroner.*
- 2. Merkostnader på 2,2 millioner kroner blir innarbeidet i handlings- og økonomiplan 2027-2030.*

042/26 : Kulturmiljøplan 2026-2036

Time kommunestyre

Endringsforslag frå **Tarald Magne Oma (Sp)** Pkt. 1:

Time kommunestyre vedtek kulturmiljøplan for Time kommune 2026-2036 som temaplan med følgjande endringar : Omsynssona «Kulturmiljø» i LNF-område Serigstad, Njå, Hognestad og Fotland Mølle utgår.

Pkt. 1: Endringsforslaget frå Tarald Magne Oma vart vedtatt med 20 røyster medan 7 røysta for kommunedirektøren si innstilling (Ap, InP, SV, V).

Pkt. 2: Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 042/26 Vedtak:

- 1. Time kommunestyre vedtek Kulturmiljøplan for Time kommune 2026-2036 som temaplan med følgjande endringar: Omsynssona «Kulturmiljø» i LNF-område Serigstad, Njå, Hognestad og Fotland Mølle utgår.*
- 2. Tiltak i handlingsprogrammet skal vurderast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.*

043/26 : Felles ungdomsskule Frøyland Orstad på Frøyland

Time kommunestyre

Innstillinga frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

KS - 043/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utarbeida forslag til vertskommuneavtale mellom Time og Klepp kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland. Saka vert lagt fram for politisk handsaming i første møterekke over sommaren.

044/26 : Felles kommunalt hjelpemiddellager på Tu**Time kommunestyre**

Forslag frå **Kjell Olav Stangeland (Ap)**

- 1. Kommunedirektøren får mandat til å greia ut forslag til vertskommuneavtale om drift av felles hjelpemiddellager på Tu med Klepp kommune som vertskommune.*
- 2. Forslag til vertskommuneavtale skal leggjast fram for kommunestyret.*
- 3. Målet med vertskommunesamarbeidet skal være å få ein meir effektiv og robust drift av kommunalt hjelpemiddellager.*

Forslaget frå Kjell Olav Stangeland vart samrøystes vedtatt.

KS - 044/26 Vedtak:

- 1. Kommunedirektøren får mandat til å greia ut forslag til vertskommuneavtale om drift av felles hjelpemiddellager på Tu med Klepp kommune som vertskommune.*
- 2. Forslag til vertskommuneavtale skal leggjast fram for kommunestyret.*
- 3. Målet med vertskommunesamarbeidet skal være å få ein meir effektiv og robust drift av kommunalt hjelpemiddellager.*

045/26 : Endring av vedtekter Jæren Symfoniorkester**Time kommunestyre**

Forslag frå **Kjell Olav Stangeland (Ap)** Pkt. 2: Medlem Eva Tone Fosse

Forslag frå **Endre Vollsund (V)** Pkt. 2: Varamedlem Sondre Undheim Lokøy

Innstillinga frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Kjell Olav Stangeland vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Endre Vollsund vart samrøystes vedtatt.

KS - 045/26 Vedtak:

- 1. Kommunestyret godkjenner endring av vedtektene for Jæren Symfoniorkester*

2. *Kommunestyret vel følgende representant til styre for inneverande kommunestyreperiode: Medlem Eva Tone Fosse og varamedlem Sondre Undheim Lokøy.*
3. *Utval for Levekår får delegert oppgåva med å velja Time kommune sin representant til styret for framtidige kommunestyreperiodar.*

046/26 : Interpellasjon frå Endre Vollsund til ordførar - om kommunesamanslåing Klepp

Time kommunestyre

Ordførar Andreas Vollsund (H) svara på interpellasjonen og Endre Vollsund (V) takka for svaret og sette fram følgjande **forslag til vedtak**:

Time kommunestyre setter i gang en utredning av framtidig kommunestruktur på Jæren sammen med Klepp kommune.

Utredningen skal bygge på oppdatert kunnskap og belyse fordeler og ulemper ved dagens kommunestruktur sammenlignet med en ny kommunestruktur i lag med Klepp.

Utredningen skal blant annet vurdere:

- økonomiske konsekvenser
- kvalitet på tjenester og fagmiljø
- lokaldemokrati og politisk styring
- næringsutvikling og regional konkurransekraft
- helhetlig areal- og transportplanlegging
- muligheter for bedre vern av dyrka jord gjennom samordnet utvikling
- rekruttering og kompetansebehov i kommunale tjenester

Formålet med utredningen er å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag for hvordan kommunene kan møte framtidige utfordringer og utviklingsbehov til beste for innbyggerne i regionen.

Kommunestyret vedtok samrøystes å ta forslaget opp til avrøysting. Forslaget frå Endre Vollsund fekk 1 røyst og falt (V).

047/26 : Overføring av drifta ved Bryne kino til privat aktør

Time kommunestyre

Møtet vart lukka etter koml. § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. off. § 23.

Møtet vart opna før avrøystinga.

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 047/26 Vedtak:

- 1. Kommunestyret godkjenner Avtale om overtaking og drift av Bryne kino, vedlegg nr 1, og Framleigeavtale Bryne kino, vedlegg nr 2, mellom Time kommune og Trondheim Kino AS. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalane og avtale endeleg tidspunkt for overføringa av kinoverksemda til Trondheim Kino AS.*
- 2. Tilsette ved Bryne kino vert overført frå Time kommune til Trondheim Kino AS gjennom verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16.*
- 3. Trondheim Kino AS får konsesjon til kinodrift på Bryne kino.*
- 4. Time kommune sel sine 170 aksjar i KinoNor AS til Trondheim Kino AS for 100 kroner per aksje. Kommunedirektøren får fullmakt til å kjøpa tilbake dei 170 aksjane i KinoNor AS dersom Time kommune overtek drifta av Bryne kino på eit seinare tidspunkt.*

048/26 : Beredskapsplan for Time kommune sin vassforsyning

Time kommunestyre

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 048/26 Vedtak:

- 1. Time kommunestyre tek planen/rapporten for sikring av vassforsyninga til orientering.*
- 2. Time kommune skal ha eit mål om å ha magasinert vatn for 48 timar normalforbruk i heile kommunen. Målet er langsiktig og konkrete tiltak for å oppnå målet må vurderast opp mot andre VA-behov og opp mot kva som er eit akseptabelt gebyrnivå.*
- 3. Nye tiltak for å styrke beredskapen for vassforsyning og avløpshandtering vert vurdert i komande økonomiplanar.*
- 4. Kommunen bør kartlegge private vannforsyningsanlegg og funksjonalitet ved straumbrot i Time som en del av beredskapen.*